

Justis- og politidepartementet

Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMETET

05 NOV 2007

SAKSNR.: 200705911

AVD/KONT/BEH: LOV/EO/MHG

DOK.NR. 106 ARKIVKODE:

Vår ref.:
2007/549 - 4022/2007

Deres ref.:
200705911 EO/MHG

Saksbehandler:
Ivar Eriksen, 51 96 38 14

Dato:
01.11.2007

Høyring - forskrift til den nye offentleglova

Vi viser til brev fra Justis- og politidepartementet datert 4. september 2007 der forslag til forskrift til den nye offentleglova blei sendt på høyring.

Helse Vest RHF har vald å leggje høyringa fram for styret som behandla saka i styremøte 3. oktober 2007, sak 083/07 B. Styret gjorde med 9 stemmer følgjande vedtak i saka:

1. *Styret gir si tilslutning til utkast til forskrift om rett til innsyn i offentleg verksemd, med unnatak for § 8.*
2. *Styret vil tilrå at adgangen til å unnta organinterne dokument frå offentlegheit samt å kunne lukke styremøte som organinternt, bør oppretthaldast.*

Som grunngjeving vil styret særleg peike på at praksis kring gjeldande føresegner viser at ei regelendring ikke vil føre til større openheit og ved det bidra til det oppgitte føremålet. Helseføretaka sitt behov for å kunne gjøre unntak i dei heilt spesielle tilfelle der dette er aktuelt bør derfor vege tyngre enn behovet for å innføre ei slik innsnevring av regelen om organinterne dokument som denne regelendringa representerar.

Styret vil også peike på den koplinga som gjeld mellom offentleglova sine reglar om dokumentoffentlegheit, og styret si mulighet til å behandle og drofte saker i lukka møte. Sjølv om det er sjeldan at styremøta blir lukka med bakgrunn i føresegna om organinterne dokument, viser praksis at det i ein skilde tilfelle vil vere eit sterkt behov for å lukke styremøta av omsyn til ein intern fortroleg diskusjon. Med det ansvar styret har etter helseføretakslova er det i tillegg behov for ein tett og nært dialog med administrasjonen som i nokre tilfelle inneberer at det er behov for å lukke møtet. Desse behova må bli ivaretakne ved den endelige utforminga av nytt regelverk.

Som del av Helse Vest RHF sin høyringsuttale legg vi ved saksførelegget i saka samt utskrift av protokollen frå styremøtet.

Med helsing,

Ivar Eriksen

Ivar Eriksen
konsernadvokat

Vedlegg: Styresak 083/07 B Helse Vest RHF
Utskrift frå protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.10.07

Kopi m/vedlegg: Helse- og omsorgsdepartementet